



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtedato: 28.04.2016
Møtetid: 08:30 - 17.00
Møtestad: Kommunehuset

Av 9 medlemmer møtte 8, inkludert 1 varamedlem.

Desse medlemmene møtte ikkje:	I staden møtte:
Nils Aadland (Ap) Lena Tveit (Bl)	Solveig Vassenden (Bl)

Andre som var til stades på møtet:

Rådmann Ramsli og ass.rådmann under heile møtet. Sektorleiar oppvekst og kultur Ragnhildstveit under skriv og meldingar og økonomisjef Erdal under handsaminga av sakene 15/16 – 18/16.

Møteleiar:	Ordførar Knut Harald Frøland
Møtesekretær:	Ass.rådmann Hilde-Lill Våge

Merknader:

Møtet vart heva kl 09.00 og sett att kl 13.00.

I denne tida var det eit tematisk møte om kommuneøkonomien. I tillegg til dei møtande medlemmane i formannskapet møtte hovudtillitsvalde Hilde Aarvik (UDF), Sven Tore Kulleseid (Delta), Oddrunn Lemme (Fagforbundet) og Siv-Merete L. Holdhus (SFF), sektorleiarane Jan Erik Boge, Håvard Ranghildstveit, Grete Lill Hjartnes og økonomisjef Nina Erdal, ass. rådmann Hilde-Lill Våge og rådmann Tone Ramsli. Konsulent frå Agenda Kaupang Bjørn Brox presenterte rapporten med den økonomiske analyse. I etterkant av den var drøfta dei frammøtte analysen.

Formannskapet konkluderte på slutte av møtet sitt at det vert laga sak til formannskapet om oppfølging av rapporten.

Orienteringar/meldingar:	Ordførar orienterte om Hordalandsdiagonalen og utgreiing av denne. Utvalet ønska saka om løyving til utgreiingsprosjekt vert teke opp att i kommunestyret 12. mai. Sektorleiar oppvekst og kultur, Håvard Ragnhildstveit presenterte strategiplan for sektoren. Rådmannen orienterte om avgjort skjønn med A.Hadeland.
Spørsmål/interpellasjonar:	Ingen innspel

Dokument utlevert i møtet:	Presentasjonen fra Brox vart sendt ut på e-post i forkant av møtet.
-----------------------------------	---

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 02.06.2016

Underskrift utvalsleiar

Underskrift møtesekretær

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
015/16	16/421	Faste saker	
016/16	15/489	Godkjenning av kommunerekneskapen 2015	
017/16	15/1010	Årsmelding 2015	
018/16	13/274	VVA-anlegg i Bjørkheimsområdet - Finansiering av arbeidet	
019/16	16/391	Skredssikringstiltak Totrævegen	
020/16	13/244	Interkommunalt barnevern inkl. barnevernvakt- godkjenning av avtale med Bergen kommune	
021/16	16/134	Tilleggsøyving - opprusting av Nyutløtrævegen	
022/16	16/171	Gebyrer og reglement - Kommunale kaianlegg	
023/16	09/584	Lønnebakken bustadfelt - drøfting av ulike problemstillingar	
024/16	14/477	Samarbeidsavtale mellom Kvam herad og Samnanger kommune - utbygging og drift av anlegg for vatn og avløp i Eikedal.	
025/16	12/122	Reviderte vedtekter for Samnanger Ungdomsråd	
026/16	16/334	Kulturstipend 2016	
027/16	13/161	Søknad om tilskot til lokalar til lokale til nytt bibliotek og prioritering av søknad til tilskotsordninga Tilskot til lokale kulturbygg	
028/16	14/703	Sak om for mykje utbetalt løn til tilsett i Samnanger kommune	
029/16	16/409	Val av aksjonskomite - TV-aksjonen 2016	
030/16	10/355	Vinmonopolutsal i Samnanger	
031/16	15/95	Søknad om delfinansiering av utbetring av kaiforont ytre-Tysse	

SAKNR. 015/16
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

28.04.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Faste saker vart samrøystes vedteke. Sak 28/16 vart trekt. Det var ikkje merknader til utvalet sitt kvarter.

FORM-015/16 VEDTAK:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

SAKNR. 016/16
GODKJENNING AV KOMMUNEREKNESKAPEN 2015

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rekneskapen for 2015 vert godkjend slik han ligg føre. Meirforbruket på 982 363,49 kroner vert forsøkt dekkja inn i 2017.

28.04.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Framlegget vart samrøystes vedteke.

FORM-016/16 VEDTAK:

Rekneskapen for 2015 vert godkjend slik han ligg føre. Meirforbruket på 982 363,49 kroner vert forsøkt dekkja inn i 2017.

SAKNR. 017/16
ÅRSMELDING 2015

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Årsmelding for Samnanger kommune for 2015 vert teken til orientering.

28.04.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Framlegget vart samrøystes vedteke.

FORM-017/16 VEDTAK:

Årsmelding for Samnanger kommune for 2015 vert teken til orientering.

SAKNR. 018/16

VVA-ANLEGG I BJØRKHEIMSOMRÅDET - FINANSIERING AV ARBEIDET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Ny-investering på Bjørkheim VVA vil koma på kr 16,12 mill. Det er tidlegare løyvd kr 12,87 mill til prosjektet og av dette er det brukt kr 3,03 mill i perioden 2013 – april 2016.

For at Bjørkheim VVA skal realiserast er det då behov for ytterlegare kr 6,28 mill

Finansiering vert som fylgjar:

Kr. 2,5 mill (lånemidlar) vert overført frå Prosjekt Ytre Tysse. Det vert i tillegg tatt opp eit lån på kr 3 mill med avdragstid på 40 år. 780.000 kroner vert finansiert ved bruk av nytt ubunde investeringsfond.

28.04.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: **Monica Tjønna (Sp)** sette fram følgjande framlegg: ”Saka vert oversendt til kommunestyret utan tilråding, og formannskapet ber om å få presentert områdeplanen før handsaminga i kommunestyremøtet .”

Det vart røysta alternativt over framlegget til rådmannen og Tjønna sitt framlegg vart vedteke med 5 mot 3.

Rådmannen sitt framlegg	M.Tjønna (Sp) sitt framlegg
Olaug Øystese (Ap)	Solveig Vassenden (Bl)
Arild Røen (H)	Odd Arne Haga (Frp)
Inge Aasgaard (Krf)	Monika Tjønna (Sp)
	Øyvind Røen (Sp)
	Knut Harald (Bl)

FORM-018/16 VEDTAK:

Saka vert oversendt til kommunestyret utan tilråding, og formannskapet ber om å få presentert områdeplanen før handsaminga i kommunestyremøtet.

SAKNR. 019/16

SKREDSSIKRINGSTILTAK TOTRÆVEGEN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune nyttar inntil kr. 300.000,- til å få utgreidd rapport på flytting av veg/alternativ trase som alternativ for å rassikre Totrævegen.

Tiltaket vert finansiert med midlar frå sal av kommunal eigedom i Hagamulen.

28.04.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: **Monica Tjønnå (Sp)** sette fram følgjande framlegg:” Teknisk eining vurdererer planlegging av ny trasé, inkludert kostnadsoverslag for bygginga, for første delen av Totrævegen, utanfor det rasfarlege området.”

Det vart røysta alternativt over framlegga. Tjønnå sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM-019/16 VEDTAK:

Teknisk eining vurdererer planlegging av ny trasé, inkludert kostnadsoverslag for bygginga, for første delen av Totrævegen, utanfor det rasfarlege området.

SAKNR. 020/16

INTERKOMMUNALT BARNEVERN INKL. BARNEVERNVAKT- GODKJENNING AV AVTALE MED BERGEN KOMMUNE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samarbeidsavtalen om barnevern med Bergen kommune vert godkjend slik han ligg føre. Samnanger kommune inngår avtale med Bergen kommune om barnevernvakt.

28.04.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Framlegget vart samrøystes vedteken.

FORM-020/16 VEDTAK:

Samarbeidsavtalen om barnevern med Bergen kommune vert godkjend slik han ligg føre. Samnanger kommune inngår avtale med Bergen kommune om barnevernvakt.

SAKNR. 021/16

TILLEGGSLØYVING - OPPRUSTING AV NYUTLØTRÆVEGEN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune løyver inntil kr. 1 million til opprusting av Nyutløtrævegen. Arbeidet bør vera gjennomført før vintervedlikehaldet tek til. Midlane vert finansiert med inntekt frå sal av Hagamulen.

28.04.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: **Knut Harald Frøland (Bl)** bad om at saka vert utsett, og at formannskapet foretar synfaring av vegen. Saka vart samrøystes vedteke utsett.

FORM-021/16 VEDTAK:

Saka vart utsett.

SAKNR. 022/16

GEBYRER OG REGLEMENT - KOMMUNALE KAIANLEGG

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen rår til at vedtekter for kommunale kaianlegg med ordensreglar og prosedyre ved branntillaup vert vedteken.

28.04.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

FORM-022/16 VEDTAK:

Vedtekter for kommunale kaianlegg med ordensreglar og prosedyre ved branntillaup vert vedteken slik dei ligg føre.

SAKNR. 023/16

LØNNEBAKKEN BUSTADFELT - DRØFTING AV ULIKE PROBLEMSTILLINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Tomtene nr 51 – 54 vert tekne ut av bustadfelt Lønnebakken.

Tomtene nr 39 og 40 vert prisa til kr 500.000 samla under føresetnad av at prosjektet vert ferdigstilt og at alle partar tek ansvar også økonomisk.

Tomt nr 57 med tillegg av delar av 56 vert reservert til Samnanger kommune med tanke på å bygge mindre utleigebustader.

Eigarane av tomt nr. 8 – garasjetomt – får eit tilskot på kr 15.000 i støtte til framføring av straum.

28.04.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Odd Arne Haga (Frp) sette fram likelydande framlegg som rådmannen med unntak av punkt 3.

Det vart røysta alternativ over framlegga, der rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 7 mot 1 røyst.

Odd Arne Haga sitt framlegg	Rådmannen sitt framlegg
Odd Arne Haga (Frp)	Knut Harald Frøland (Bl)
	Øyvind Røen (Sp)
	Monica Tjønne (Sp)
	Solveig Vassenden (Bl)
	Olaug Øystese (Ap)
	Arild Røen (H)
	Inge Aasgaard (Krf)

FORM-023/16 VEDTAK:

1. Tomtene nr 51 – 54 vert tekne ut av bustadfelt Lønnebakken.
2. Tomtene nr 39 og 40 vert prisa til kr 500.000 samla under føresetnad av at prosjektet vert ferdigstilt og at alle partar tek ansvar også økonomisk.
3. Tomt nr 57 med tillegg av delar av 56 vert reservert til Samnanger kommune med tanke på å bygge mindre utleigebustader.
4. Eigarane av tomt nr. 8 – garasjetomt – får eit tilskot på kr 15.000 i støtte til framføring av straum.

SAKNR. 024/16

SAMARBEIDSAVTALE MELLOM KVAM HERAD OG SAMNANGER KOMMUNE - UTBYGGING OG DRIFT AV ANLEGG FOR VATN OG AVLØP I EIKEDAL.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune godkjenner «Avtale om samarbeid mellom Kvam herad og Samnanger kommune – gjeldande utbygging og drift av anlegg for vatn og avlaup på Kvamskogen og Eikedalen». Ordførar får fullmakt til å signere avtalen.

28.04.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Framlegget vart samrøystes vedteke.

FORM-024/16 VEDTAK:

Samnanger kommune godkjenner «Avtale om samarbeid mellom Kvam herad og Samnanger kommune – gjeldande utbygging og drift av anlegg for vatn og avlaup på Kvamskogen og Eikedalen». Ordførar får fullmakt til å signere avtalen.

SAKNR. 025/16

REVIDERTE VEDTEKTER FOR SAMNANGER UNGDOMSRÅD

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til vedtekter for Samnanger Ungdomsråd slik dei går fram i saksutgreiinga vert gjeldande frå kommunestyret har fatta vedtak.

28.04.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Framlegget vart samrøystes vedteke.

FORM-025/16 VEDTAK:

Framlegg til vedtekter for Samnanger Ungdomsråd slik dei går fram i saksutgreiinga vert gjeldande frå kommunestyret har fatta vedtak.

SAKNR. 026/16

KULTURSTIPEND 2016

28.04.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: **Knut Harald Frøland (Bl)** bad om å få vurdert om han er ugild i saka, og gjekk ifrå. Grunngeving: Far til eine søkjar var forlovaren hans. Ø.Røen (Sp) gjekk inn som møteiar. Utvalet drøfta saka og ser ikkje at det ligg føre særlige forhold, jfr FVL § 6. Frøland vart samrøystes funnen gild og tok plass som møteiar.

Arild Røen (H) sette fram følgjande framlegg:” Martin Tysseland og Sondre Tysseland vert tildelt kr. 2.500 kvar og Vegard Lemme vert tildelt kr. 5.000,- i ungdomsstipend.” Framlegget vart samrøystes vedteke.

FORM-026/16 VEDTAK:

Martin Tysseland og Sondre Tysseland vert tildelt kr. 2.500 kvar og Vegard Lemme vert tildelt kr. 5.000,- i ungdomsstipend.

SAKNR. 027/16**SØKNAD OM TILSKOT TIL LOKALAR TIL LOKALE TIL NYTT BIBLIOTEK OG PRIORITERING AV SØKNAD TIL TILSKOTSORDNINGA TILSKOT TIL LOKALE KULTURBYGG****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune søker om tilskot til kjøp av lokale til nytt bibliotek og prioriterer søknaden som nummer 1.

28.04.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Framlegget vart samrøystes vedteke.

FORM-027/16 VEDTAK:

Samnanger kommune søker om tilskot til kjøp av lokale til nytt bibliotek og prioriterer søknaden som nummer 1.

SAKNR. 028/16**SAK OM FOR MYKJE UTBETALT LØN TIL TILSETT I SAMNANGER KOMMUNE****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune melder sak om tilbakebetaling av for mykje utbetalt løn til ein tilsett inn for behandling i forliksrådet. Kommunen sitt krav er at den tilsette skal tilbakebetala 43.890 kroner som er det totale utbetalte beløp.

28.04.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Saka vert trekt då det er inngått avtale med arbeidstakaren.

FORM-028/16 VEDTAK:

Saka vart trekt frå saklista.

SAKNR. 029/16**VAL AV AKSJONSKOMITE - TV-AKSJONEN 2016****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

28.04.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Sidan aksjonen i 2016 er tildelt Røde Kors, vil formannskapet at dei går inn som medlemmer i komiteen.

Formannskapet slutta seg til følgjande:

Leiar; Ordførar –Knut Harald Frøland

Medlem; Eva Hellevang

Røde Kors Samnanger vert bedt om å stilla med 2 medlemmer i komiteen.

FORM-029/16 VEDTAK:

Aksjonskomite til TV-aksjonen 2016.

Leiar; Ordførar –Knut Harald Frøland

Medlem; Eva Hellevang

Røde Kors Samnanger vert bedt om å stilla med 2 medlemmer i komiteen.

SAKNR. 030/16

VINMONOPOLUTSAL I SAMNANGER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune søker Vinmonopolet a.s om at dei etablerer butikkutsal på Bjørkheim.

28.04.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Det vart røysta over framlegget, som vart vedteke med 6 mot 2 røyster.

For framlegget til rådmannen	Imot framlegget
Monica Tjønnå (Sp)	Øyvind Røen (Sp)
Odd Arne Haga (Frp)	Inge Aasgaard (Krf)
Solveig Vassenden (Bbl)	
Olaug Øystese Ap)	
Arild Røen (H)	
Knut Harald Frøland Bl)	

FORM-030/16 VEDTAK:

Samnanger kommune søker Vinmonopolet a.s om at dei etablerer butikkutsal på Bjørkheim.

SAKNR. 031/16

SØKNAD OM DELFINANSIERING AV UTBETRING AV KAIFORONT YTRE-TYSSE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune dekker kr 50.000 av utgifter til reparasjon av kaifront på Ytre-Tysse.

Summen vert finansiert ved bruk av lånemidlar avsett til Ytre-Tysse.

28.04.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Det vart røysta over framlegget som vart vedteke med 7 mot 1 røyst.

Rådmannen sitt framlegg	Imot framlegget
Odd Arne Haga (Frp)	Knut Harald Frøland (Bl)

Øyvind Røen (Sp)	
Monica Tjønnne (Sp)	
Solveig Vassenden (Bl)	
Olaug Øystese (Ap)	
Arild Røen (H)	
Inge Aasgaard (Krf)	

FORM-031/16 VEDTAK:

Samnanger kommune dekker kr 50.000 av utgifter til reparasjon av kaifront på Ytre-Tysse.
Summen vert finansiert ved bruk av lånemidler avsett til Ytre-Tysse.

